RELV101 Kva er religionsvitskap
Emnerapport, vårsemesteret 2019

Praktisk gjennomføring
Undervisinga bestod av ein innføringsførelesing (saman med RELV105) og 12 førelesingar og i tillegg obligatoriske seminar kvar veke med studentane inndelt i fire seminargrupper. Fil. dr Hans Geir Aasmundsen var seminarleiar, prof. Ingvild Gilhus hadde innføringsforelesinga og prof. Håkan Rydving dei andre forelesingane.

Karakterfordeling
I 2017 var det 65, i 2018 var det 92 og i år 91 studentar som tok eksamen i RELV101. Liksom i fjor fekk også i år alle godkjent resultat. Fordelinga av karakterar blei 16 A, 32 B, 37 C, 5 D og 1 E, eit veldig godt resultat. Etter sensuren får alle studentar individuelle kommentarar til tekstene sine og motivering av karakteren gjennom grunngjevingsfunksjonen i Inspera.

Kommentar til studentevaluering
Ved den siste førelesinga svarte dei 49 nærverande studentane på ei evaluering. Her er nokre døme på resultata:

37 av studentane som tok del i evalueringa meinte at kurset var interessant eller mykje interessant, 46 at vanskegrada var grei. 29 var nøgde eller mykje nøgde med gruppeundervisinga, 47 var nøgde eller mykje nøgde med utbytet av forelesingane. 35 svarte at det er bra at gruppeundervisinga er obligatorisk og 48 at det er bra med obligatorisk innlevering av ei øvingsoppgåve. Dei gav ros og ris åt dei einskilde kursbøkene og den informasjonen vil bli brukt neste år. Om studentane sjølve hadde fått velje eksamensform hadde 31 valt ein sju dagars heimeeksamen (som i vår).

Studentane sine kommentarar til kurset var i hovudsak positive. Dei kritiske kommentarane gjelde framom alt (presis som i 2017 og 2018) den obligatoriske munnlege presentasjonen. Nokre av studentane kom med gode framlegg om korleis kurset kan bli betre. Dei blir viktige å ta omsyn til i planeringa innfor våren 2020. Av dei 49 som deltok i evalueringa skreiv 25 at dei planerer å fortsette å studere religionsvitskap og 9 at dei kanskje gjer det.

Studieinformasjon og dokumentasjon
Informasjon om kurset har vore tilgjengeleg på Mitt UiB og blei gjeve ved studieorienteringa i religionsvitskap for studentar på 100-nivå. Meir spesifikk studieinformasjon fekk studentane i byrjinga av den første førelesinga og kontinuerleg under kurset. Ved kursevalueringa svarte alle som deltok at dei fått «tilstrekkeleg informasjon om studieplan, pensum, undervising, eksamen, osb.»

Tilgang til relevant litteratur
Litteraturen fanst tilgjengeleg i bokhandel og på universitetsbibliotek i byrjinga av semesteret.

Faglærers vurdering av rammevilkåra
Alt fungerte godt.

Lokalar og undervisningsutstyr
Førelesingslokalen (aud. A i Sydneshaugen skule) er mykje formålstenleg.

Internasjonalisering
Litteraturen er i hovudsak på engelsk og tematikken global. Religionsvitskap omfattar alle tider og rom. Internasjonalisering er derfor ein viktig del av identiteten til faget. Det gjeld naturlegvis introduksjonskurset RELV101 òg.

Samla vurdering til faglærar, inkl. forslag til forbetringstiltak
I hovudsak fungerte kurset godt, men gruppeundervisninga må endrast til neste år etter gode framlegg frå studentar i evalueringa. Dessutan blei eit par av dei engelskspråklege bøkene oppfatta som altfor vanskelege for 100-nivå av nokre av studentane. Det er to av fleire døme på kommentarar eg vil ta omsyn til når eg planerer kurset for 2020.

Bergen, den 28. juni 2019,

Håkan Rydving
(emneansvarleg)

RELV102 Kristendomen, jødedomen og islam, hausten 2019

Evaluering – resultat

Den siste forelesinga (20.11) blei avslutta med ei evaluering av kurset. 49 studentar deltok i evalueringa. Det motsvarar 37 % av dei 134 som var påmeldt til eksamen og 47 % av dei 105 som møtte til eksamen den 28.11.
Dette er resultatet av evalueringa.

A. Allment

På spørsmål om kurset som heilskap svara dei fleste at den var interessant (24/49) eller mykje interessant (22/49), at vanskegrada var grei (45/49) og at det var passe med undervising (45/49). Med unntak av ein, svara alle at dei hadde fått tilstrekkeleg informasjon om studieplan, pensum, undervising, eksamen, osb.

B. Gruppeundervising

Her skulle ein berre svare om ein hadde deltatt i minst fire seminar. Derfor var det berre 9 studentar som svara på spørsmåla. Dei fleste av dei svara at gruppeundervisinga gav hjelp til å lese og forstå pensum, at den var interessevekkjande og at vanskegrada var grei.

— Kommentarane var i hovudsak mykje positive («Likte det veldig godt!», «Fekk stort utbytte […]»), men fleire kritiserte at seminara byrja kl. 8:15.

C. Pensum

Litteraturen bestod av tre heile bøker, ei bok om kvar og ein av dei tre religionane. To av bøkene var på norsk og ei på engelsk. Dessutan var det nokre kapittel (ca. 160 sider) i ytterlegare ei bok om kristendomen. Den boka var på svensk, så eg spurte særskilt om kor vanskeleg det var å lese den.

1. Korleis var vanskegrada til boka som pensum på 100-nivå?

	(1)	(2)	(3)	(4)	(5)	(6)	(7)
Groth, *Jødedommen*	—	1	39	4	—	5	—
Rasmussen & Thomassen, *Kristendommen*	—	—	26	13	2	6	—
Hedin, *Kristendom*	—	—	20	11	3	14	—
Hillenbrand, *Islam*	—	1	30	8	1	7	—

(1) = altfor lett, (2) = litt for lett, (3) = grei, (4) = litt for vanskeleg, (5) = altfor vanskeleg, (6) = veit ikkje; eg har ikkje byrja å lese boka, (7) = ikkje svart

2. Korleis var boka å lese?

	(1)	(2)	(3)	(4)	(5)	(6)	(7)
Groth, *Jødedommen*	—	5	14	20	5	5	1
Rasmussen & Thomassen, *Kristendommen*	—	15	18	5	3	6	1
Hedin, *Kristendom*	1	6	18	6	2	14	—
Hillenbrand, *Islam*	—	2	9	21	9	7	—

(1) = mykje kjedeleg, (2) = kjedelig, (3) = grei, (4) = interessant, (5) = mykje interessant, (6) = veit ikkje; eg har ikkje byrja å lese boka, (7) = ikkje svart

3. Korleis fungerte innhaldet i teksta som pensum?

	(1)	(2)	(3)	(4)	(5)	(6)	(7)
Groth, *Jødedommen*	—	3	15	20	5	5	—
Rasmussen & Thomassen, *Kristendommen*	—	8	12	4	2	6	1
Hedin, *Kristendom*	—	7	20	6	3	14	—
Hillenbrand, *Islam*	—	1	11	18	11	7	1

(1) = mykje dårleg, (2) = dårleg, (3) = greitt, (4) = bra, (5) = mykje bra, (6) = veit ikkje; eg har ikkje byrja å lese boka, (7) = ikkje svart

4. På spørsmålet om korleis det var å lese kapitla i boka på svensk svara 11/49 at det var «greitt», 18/49 at det var «litt for vanskeleg» og 8/49 at det var «altfor vanskeleg». Kommentarane til det spørsmålet varierte, frå at boka var «lettere å lese en forventet» til at det var «utrulig vanskeleg».

Andre kommentarar til bøkene:
Groth, *Jødedommen*
Dei som kommenterte denne boka skreiv m.a. at den var «tunglest» og «vanskeleg skrive» eller at studenten «likte denne boka best». Veldig ulike kommentarar, altså.

Rasmussen & Thomassen, *Kristendommen*
Som tidlegare år fekk boka kritikk for at den altfor mykje fokuserer på historie, men ikkje tek opp ritual og andre aspekt av religionen. Ein student oppfordra oss lærarar til å skrive ei bok om kristendomen (!); ein annan mente at Pax forlag burde publisere ei bok om kristendomen i same serie som dei om jødedom, islam, hinduisme og buddhisme.

Hedin, *Kristendom*
Det var nokre få som kommenterte innhaldet i boka til Hedin. Ein mente at den var bra som tilleggsbok for å få meir informasjon om religiøs praksis, ein annan at den hadde best innhald (av bøkene om kristendomen), men var vanskeleg å lese.

Hillenbrand, *Islam*
Til denne boka var det to typar av kommentarar. Av dei som kommenterte språket skreiv nokre at det var veldig vanskeleg å lese på engelsk og at det var mange vanskelege ord i den, andre at boka var lettlest sjølv om den var på engelsk. Dei som kommenterte innhaldet var veldig positive og skrev t.d. at den var veldig interessant, med god struktur og at den forklarte på en god måte. Nokre som mente at språket var vanskeleg mente trass i dette at boka var veldig bra.

D. Forelesingar

Det var sju dobbeltforelesingar om kvar og ein av dei tre religionane og dessutan tre samanliknande forelesingar i tillegg til ei introduksjonsforelesing og ei forelesing som var eksamensførebuande. Ein forelesar (Rydving) svara for alle forelesingar om jødedomen, ein (Thomassen) for førelesingane om islam og dei samanliknande forelesingane, mens fire ulike lærarar (Airijoki, Keul, Mikaelsson og Aasmundsen) delte på forelesingane om kristendomen. I tillegg var det ei avsluttande forelesing (med Rydving) om kunst, arkitektur og musikk i dei tre religionane sist i kvar serie.

1. Gav førelesingane hjelp til å lese og forstå pensum?

	(1)	(2)	(3)	(4)	(5)	(6)
Jødedomen	—	—	—	15	32	2
Kristendomen	—	10	24	10	2	2
Islam	1	1	7	26	11	2
Samanlikning	—	4	5	15	23	1

(1) = ikkje i det hele tatt, (2) = mykje lite, (3) = noko, (4) = mykje, (5) = veldig mykja, (6) = ikkje svart

2. Var førelesingane interessevekkjande?

	(1)	(2)	(3)	(4)	(5)	(6)
Jødedomen	—	—	1	16	31	2
Kristendomen	—	15	14	13	4	2
Islam	—	1	13	17	17	1
Samanlikning	—	—	11	11	24	1

(1) = ikkje i det hele tatt, (2) = mykje lite, (3) = noko, (4) = mykje, (5) = veldig mykja, (6) = ikkje svart

3. Korleis var vanskegrada på førelesingane?

	(1)	(2)	(3)	(4)	(5)	(6)
Jødedomen	—	—	47	1	—	1
Kristendomen	—	—	38	8	—	2
Islam	—	1	42	4	—	1
Samanlikning	—	2	44	2	—	1

(1) = altfor lett, (2) = litt for lett, (3) = grei, (4) = litt for vanskeleg, (5) = altfor vanskeleg, (6) = ikkje svart

4. Kor nøgd er du med det faglege utbytet av førelesingane?

	(1)	(2)	(3)	(4)
Jødedomen	—	14	34	1
Kristendomen	11	31	4	2
Islam	3	24	17	1
Samanlikning	2	22	25	1

(1) = ikkje nøgd i det heile tatt, (2) = nøgd, (3) = mykje nøgd, (4) = ikkje svart

I tillegg til ros og ris (mest ros!) til einskilde lærarar var det særskilt nokre ting som studentane påpeika i kommentarane: at forelesarar bør bruke mikrofon, at PowerPoint-presentasjonar er til god hjelp og at det er bra om forelesingsnotat blir lagt ut på Mitt UiB. Ein del lærarar gjorde dette, andre ikkje. Det kom også kritikk mot at det var altfor mange lærarar som forelas om kristendomen («det fungerer bedre når man har samme

foreleser gjennom hele temaet»). Nokre påpeika også at vi ikkje kan krevje meir forkunnskapar om kristendomen enn om jødedomen og islam.

E. Eigen arbeidsinnsats

Her spurte eg m.a. om kor mange timar per veke som studenten i gjennomsnitt hadde brukt på kurset. Svara var veldig varierte, frå 1 time til «40–50» timar. Nokre svara mellom 1 og 4 timar (7/45) og litt fleir 11 timar og meir (14/45), men halvparten (23/45) svara mellom 5 og 10 timar. (Fire studentar svara ikkje på dette spørsmålet.) Andre spørsmål gjaldt kor mykje studentane hadde førebutt seg til forelesingar og seminar og kor ofte dei hadde gått på forelesingar. Dei fleste svara at dei hadde førebutt seg «iblant» (29/49) eller «nokså ofte» (12/49) og dei fleste at de «nokså ofte» (22/49) eller «alltid» (24/49) hadde gått på forelesingane.

På spørsmålet om korleis arbeidsbyrda hadde vore i relasjon til talet på studiepoeng (15) svara dei fleste (43/48) «passeleg», men nokre (5/48) at den hadde vore «altfor stor». (Ein student svara ikkje på spørsmålet).

F. Eksamen og karakter

I denne avdelinga var det to spørsmål, eit om korleis studentane mente at det fungerer at eksamen på kurset er ein skuleeksamen og eit om kva for eksamensform dei skulle ha valt om dei fekk velje. På det første spørsmålet svara omtrent like mange at det er «bra» (9/49) eller «mykje bra» (3/49) som dei som svara at det er «dårleg» (11/49) eller «mykje dårleg» (2), mens halvparten (24/49) svara at det er «greitt». Meir enn halvparten (28/49) av studentane ville velje «heimeeksamen» og litt mindre enn femtedelen (9/49) «semesteroppgåve» om dei fekk velje, mens berre nokre få skulle ha valt nokon av dei andre eksamensformene.

G. Romanar og filmar

På Mitt UiB til kurset la eg ut (1) ei liste med framlegg til nokre romanar og novellesamlingar ein kunne lese ved sidan av litteraturen og (2) ei liste med nokre filmar ein kunne sjå saman med kurset. For å få vete kva studentane tykte om dei listene spurte eg om det var ein god idé å få slike lister. Svara var veldig positive. Dei aller fleste svarte at det var ein god idé (45/49 på spørsmålet om skjønnlitteraturen, 44/46 på spørsmålet om filmane). (Tre studentar svara ikkje på spørsmålet om filmane.)

Eg spurte også om studentane har lese eller tenkt å lese noka/nokre av bøkene og/eller sett eller tenkt å sjå nokon/nokre av filmane. På spørsmålet om bøkene svara halvparten «ja», ein firedel «nei» og ein firedel«veit ikkje». Og når det gjeld filmane svara meir enn halvparten «ja», litt mindre enn ein firedel «nei» og litt mindre enn ein firedel «veit ikkje».

Det er ikkje så mange studentar som har skrive kommentarar, men de som gjorde det var i hovudsak veldig positive: «Supert med bøker, fortsett med det»; «Setter stor pris på at slike lister blir lagt ut!»; «Veldig kjekt med desse tipsa.» «Likar svært godt anbefalingar om filmar! Lærer mykje av slike.» Ein student foreslo t.o.m. ei bok å ta med på lista. To foreslo at ein kunne ha friviljuge filmkveldar med nokre av filmane. Eit par studentar var

meir kritiske og mente at det ikkje var tid å lese noko ved sidan av kurset. Og eit par foreslo at eg burde prøve å finne filmar som ligg på Netflix eller HBO.

H. Anna

Sist i evalueringa var det tre meir generelle spørsmål. Ca. to tredjedelar av studentane svara på dei to første spørsmåla, ca. ein firedel på det tredje spørsmålet.

1. Kva har du hatt mest glede av i kurset?
Her svara dei aller fleste forelesingane, men mange nemnte også innhaldet, som t.d. å «få store perspektiver; sette ting i sammenheng med hverandre», eller at det har vore bra «å få vite meir om religionane som det er mest snakk om i samfunnet, både av enkeltpersonar og media».

2. Korleis kan kurset bli betre?
På dette spørsmålet kom det mange gode framlegg. Fleire mente t.d. at det vore bra med «en mer lignende fremlegging av stoff i de 3 religionene» og mange påpeika det same som i kommentarane til pensum og forelesingar, altså at fleir av lærarane burde bruke PowerPoint og leggje ut forelesingsnotat på Mitt UiB og at det burde bli betre litteratur om kristendomen. Tre ville ha ei eller fleire obligatoriske oppgåver i løpet av semesteret, eit par meir litteratur på norsk.

3. Har du andre kommentarar til og framlegg om RELV102-kurset?
Her var det mest skryt i ulike former: «Kjekt og bra kurs!»; «Det er flott å sjå engasjementet dykk viser for faget – det er inspirerande!»; «Takk for at jeg fikk ta del i deres kunnskap»; «10/10 kurs!»; «Bra!»; «Veldig bra».

Bergen, den 3. januar 2020,
Håkan Rydving
(vikarierande emneansvarleg)